

Fra: Bente Utne (Bente.Utne@hfk.no)

Sendt: 31.10.2016 14:01:10

Til: 'linga@hf.no'

Kopi: Håkon Rasmussen; John Martin Jacobsen

Emne: VS: Kvammapakken/tunnelar - innsyn

Vedlegg: image001.png

HEI!

Viser til innsynskravet av 25.10.16.

Hordaland fylkeskommune ser ikkje Helge Hopen sin leveranse som ferdig, ettersom den skal korrigera og arbeidast vidare med. Dermed er det ikkje eit oppretta dokument etter offentleglova § 4, 2 ledd. Vi avslår dermed førespurnaden om innsyn.

Etter § 31 i offentleglova kan de be om nærmere grunngjeving, innan 3 veker.

Etter § 32, 1 ledd i offentleglova kan avslaget pålagast.

Venleg helsing

Bente Utne

Seniorrådgjevar/controller

Samferdselsavdelinga | vegseksjonen

Telefon: 55239060 | 91525270



Fra: Håkon Rasmussen

Sendt: 25. oktober 2016 08:27

Til: 'Sigbjørn Linga' <linga@hf.no>

Kopi: Bente Utne <Bente.Utne@hfk.no>; John Martin Jacobsen <John.Martin.Jacobsen@hfk.no>

Emne: SV: Kvammapakken/tunnelar

Hei

Det er det same. Har litt ulikt namn i dei ulike pakkane.

Du skal få svar på innsynsbegjæring så raskt som råd.

Helsing, Håkon

Håkon Rasmussen

Fylkesdirektør samferdsel



www.hordaland.no

Tlf: 55 23 93 50

Mobil: 48 29 80 90

Epost: hakon.rasmussen@hfk.no

Fra: Sigbjørn Linga [<mailto:linga@hf.no>]

Sendt: 25. oktober 2016 08:20

Til: Håkon Rasmussen <Hakon.Rasmussen@hfk.no>

Kopi: Bente Utne <Bente.Utne@hfk.no>; John Martin Jacobsen <John.Martin.Jacobsen@hfk.no>

Emne: Re: Kvammapakken/tunnelar

Hei.

Takk for tilbakemelding.

Er kontaktutvalet noko anna enn styringsgruppa?

Då gjer me det slik:

Ordførar J. Ljones i Kvam opplyste til meg at det vart delt ut eit notat frå konsulent Helge Hopen i møtet i styringsgruppa i Kvammapakken fredag 21.10.16.

Eg bed med dette om innsyn i dette dokumentet.

Med venleg helsing
redaktør Sigbjørn Linga
Hordaland Folkeblad, Norheimsund
Tlf. 415 66 112
linga@hf.no

24. okt. 2016 kl. 16.06 skrev Håkon Rasmussen <Hakon.Rasmussen@hfk.no>:

Hei igjen Sigbjørn

Fint med sitata.

Dersom du vil ha innsyn må du nok be om det på ein meir formell måte. Den kan fort bli del av vidare sakshandsaming.

Som eg sa er det ikkje levert nokon ferdig rapport til oss , og dei reknestykka som vart presentert fredag er til dels misvisande. Kontaktutvalet bad difor om opprettingar i rapporten. Dersom du meiner du kan vinna fram med det, er du sjølvsagt hjarteleg velkommen til å be om innsyn.

Venleg helsing, Håkon

Håkon Rasmussen

Fylkesdirektør samferdsel

[<image001.png>](#)

www.hordaland.no

Tlf: 55 23 93 50
Mobil: 48 29 80 90
Epost: hakon.rasmussen@hfk.no

Fra: Sigbjørn Linga [<mailto:linga@hf.no>]
Sendt: 24. oktober 2016 15:22
Til: Håkon Rasmussen <Hakon.Rasmussen@hfk.no>
Kopi: Bente Utne <Bente.Utne@hfk.no>; John Martin Jacobsen <John.Martin.Jacobsen@hfk.no>
Emne: Re: Kvammapakken/tunnelar

Hei.

Takk, det var fint. Eg har ordna.

Tvilar ikkje på at de ikkje vil halda info vekke, men eg er no frekk nok til å etterlysa han. Krinsmeister i innsynsførespurnader, som JM Jacobsen korrekt utnemnde meg til i august. Eg nådde dverre aldri opp i fotball eller friidrett, så eg måtte finna eit alternativ.

Med venleg helsing
redaktør Sigbjørn Linga
Hordaland Folkeblad, Norheimsund
Tlf. 415 66 112
linga@hf.no

24. okt. 2016 kl. 12.02 skrev Håkon Rasmussen <Hakon.Rasmussen@hfk.no>:

Hei

Her er noen innspel frå meg (i raudt). Du får sjå om det står til dine språklege krav ☺'

Når det gjeld innsyn i rapporten frå Hopen så skal de få den så raskt ho er ferdig. I møtet fredag var det ei undervegs-presentasjon av rapporten, og der blei gitt beskjed til konsulenten om fleire punkt som skal arbeidast vidare med. Det er klårt at rapporten, som skal syne eit handlingsrom for vidare bompengeinnekrevjing, er av offentleg interesse og vi har ingen interesse i halde slik kunnskap vekk frå diskusjonen, når vi kan stå inne for kvaliteten på arbeidet.

Venleg helsing, Håkon

Håkon Rasmussen

Fylkesdirektør samferdsel

[<image001.png>](#)

www.hordaland.no

Tlf: 55 23 93 50
Mobil: 48 29 80 90

Fra: Sigbjørn Linga [<mailto:linga@hf.no>]
Sendt: 24. oktober 2016 10:40
Til: Håkon Rasmussen <Hakon.Rasmussen@hfk.no>
Emne: Kvammapakken/tunnelar

Hei

Sjå på dette, inkludert litt Ljones- og Ones-sitat:

Brått hastar det ikkje for kvemmingane å velja kva tunnelløysing dei ynskjer. Og brått skal ei eller anna form for kvamskogtunnel regulerast.

Sigbjørn Linga

linga@hf.no

Det vart kjent i møtet i styringsgruppa for Kvammapakken fredag. Representantane til fylkeskommunen opplyste at Kvam herad likevel ikkje treng skunda seg for å prioritera og velja prosjekta til ein eventuell "Kvammapakken 2".

Ordførar Jostein Ljones (Sp) har lagt press på heradsstyret for å få teke ei lokalpolitisk avgjerd i saka før nyttår. Grunngjevinga for hastverket var at dei lokale prioriteringane måtte gjerast før arbeidet med regional transportplan byrjar etter nyttår. Då HF snakka med Ljones fredag ettermiddag, la han ikkje skjul på at dei nye opplysingane stiller han i eit litt underleg lys.

Ingen hast lenger

Samferdsledirektør Håkon Rasmussen i fylkeskommunen seier til HF at grunnen til at tidspresset er borte at kvamskogtunnelen – anten han går under eller berre opp Kvamskogen – vert så dyr at prosjektet må gjennom såkalla KS2: kvalitetssikring av

styringsunderlag og kostnadsoverslag. Kravet vert stilt til prosjekt med ein venta kostnad på over 750 millionar kroner.

Aller først må prosjektet regulerast. Dessutan må det godkjennast av Stortinget. Både reguleringa og KS2-prosessen er så tidkrevjande at det vil gå årevis før det er aktuelt med bygging. Det naturlege er at Statens vegvesen regulerer tunnelen, men Kvam herad er uansett planstyresmakt, fortel Rasmussen.

Han seier det er uvisst når og korleis valet mellom den lange tunnelen under Kvamskogen (**som Hordaland fylkeskommune ikkje kan sjå er mogeleg å finansiere**) og den kortare varianten forbi Tokagjelet skal gjerast. Han seier ein veg å gå kan vera via ein kommunedelplan, **slik som forprosjektet til Statens vegvesen tilrår**.

– Det er snakk om så lange tidsløp at det ikkje hastar. Regional transportplan (**RTP**) låser ikkje dei økonomiske rammene framover, og inneber ikkje stopp i alt anna arbeid, seier han. **Vårt ønskje var å få ein så konkret som mogeleg omtale av ei eventuell ny Kvammapakke RTP når denne skal på høyring på nyåret.**

Manar til mindre val

Som følgje av KS2-kravet seier Rasmussen at kvemmingane i fyrste omgang kan konsentrera seg om litt mindre avgjerder. Det fyrste spørsmålet vert om berre dei påbyrja prosjekta i Kvammapakken skal fullførast, eller om ein skal utvida bompengeninnkrevjinga for å få fullført alle prosjekta i pakken. Unntaket er opprustinga ved Skeianeset mellom Ytre Ålvik og Steinestø, som vegvesenet allereie har avskrive som eit langsiktig tunnelprosjekt.

– Denne diskusjonen treng ikkje venta, seier han.

Ifølgje Rasmussen arbeider konsulent og trafikkspesialist Helge Hopen med å finna ut kva kan ein få ut av kroner og øre i dagens bompengepakke. Han la fram eit notat i møtet fredag som HF har bede om innsyn i.

Nye premissar

Rasmussen seier fylkeskommunen må drøfta den vidare prosessen med Kvam herad og vegvesenet.

Han påpeikar at det ikkje var opplagt at vegvesenet ville tilrå ein så lang tunnel at KS2-grensa vart nådd, og at det er noko av årsaka til at fylkeskommunen no skisserer andre premissar for det lokale ordskiftet i Kvam.

Tilrådinga om tunnel frå Steinsdalen til Røyrl i vart offentleggjord i eit møte i Kvam formannskap 30. august. Korkje i møtet eller seinare har fylkeskommunen opplyst at tunneldebatten kan leggjast død mellombels. Det hende altså først fredag.

– Kan verda billegare

Ordførar Ljones fortalte etter stytringsgruppemøtet fredag at det no ser ut til at vegprosjektet Tolo–Nes ser ut til å verda billegare enn venta av di ein kan redusera dei uføresette kostnadene.

Rasmussen vil ikkje opplysa noko om kva summar det er snakk om, og at ein først i februar vil vita korleis det endelege økonomiske resultatet vert. Førebelser er det berre snakk om ein prosjektkalkyle, og desse varierer rett som det er i både positiv og negativ retning, fortel han.

Dersom det vert kroner att, kan ein brukar dei til andre prosjekt. Ljones meiner ein forenkla gang- og sykkelveg på Kvamskogen, som Kvamskogen næringslag har teke initiativ til, bør vera eit aktuelt prosjekt å spandera den resterande slanten på.

Må orientera lokalt

Ordføraren sa fredag at han planlegg eit møte for gruppeleiarane i heradsstyret denne veka for å orientera om den siste utviklinga i saka.

I morgen kveld skal Kvam Ap ha medlemsmøte med Kvammapakken som einaste sak på agendaen. Gruppeleiar Borghild Storaas Ones opplyser at Jostein Ljones skal delta i møtet for å informera om siste nytt, slik at medlemene slepp å føra diskusjonar baserte på gamal informasjon.

Med venleg helsing
Hordaland Folkeblad
redaksjon@hf.no

Med venleg helsing
redaktør Sigbjørn Linga
Hordaland Folkeblad, Norheimsund
Tlf. 415 66 112
linga@hf.no